

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 17/2005

Møtedato: 6.4.05

Arkiv nr:

Småviltjakt

Sidan starten på 90-talet har det vore dårleg med lirype. Fjellstyret har derfor redusert jaktpresset. I 1996 reduserte ein talet på jaktkort for fuglejakt og rype var freda etter 10 dagar. I 1998 innførte ein i tillegg "dagskvote" på 2 liryper pr. dag. I 1999 innførte ein jakt etter fjellrype over skoggrensa på Bukonofjellet og Gilafjellet i tida 25.9 – 15.10. Denne jakta vart i 2000 utvida til 14.11 samstundes med at utanbygds jegerar med fuglehund fekk jakte etter orrfugl i perioden fom 15.10 tom 14.11. Desse tiltaka har gjort at ein har fått redusert avskytinga av lirype, samstundes som ein kunne gi jegerane eit jakttilbod.

I sak 10/2002 gjorde fjellstyret etter framlegg frå jeger- og fiskarlaget følgjande vedtak: Fjellstyret vedtek vidareføre dagens ordning for sal av kort til småviltjakt med følgjande endring:

- Jaktslutt blir endra frå 14.november til 14. desember.
- Det blir innført dagkvote på 2 fjellryper.
- Etter 24. september er det berre tillete å jakte fjellrype over skoggrensa på Bukono- og Gilafjellet.

I sak 18/2003 gjorde fjellstyret etter framlegg frå jeger- og fiskarlaget følgjande vedtak: Fjellstyret vedtek å vidareføre jaktkortordning frå siste år. Administrasjon får fullmakt til vurdere eventuell kartfesting av fjellryperrenget i Bukono- og Gilafjellet.

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har i skriv datert 1.12.03 gjeve følgjande uttale om neste års jakt: *Fjellstyret bør forsette med den strenge reguleringa av lirypejakta som en har hatt de siste åra. Ordninga med jakt på fjellrype i tida 25.09-14.12 bør videreføres. Kvote for felt fjellrype og lirype pr. jeger pr. dag (baglimit) bør videreføres. Jakt på fjellrype i den frie perioden, bør forststatt avgrensas til Bukonofjell og Gilafjell. Når det gjelder jakt med hund etter orrfugl i den "frie" perioden, mener jeger- og fiskarlaget at denne ordninga som ble innført i 2000, også kan videreføres, men det bør vurderes kartmessig avgrensing av terreng der orrfugljakt er tillatt. Dette kan redusere antall situasjoner der jegere kommer i kontakt med "den fredede lirype" og blir fristet til å skyte.*

I sak 3/2004 gjorde fjellstyret følgjande vedtak: *Fjellstyret vedtek å halde fram same kortordning som tidlegare med den endring som jeger- og fiskarlaget forslø med omsyn til avgrensing av orrfugljakta. Administrasjon får fullmakt til å kartfeste arealet.*

Vestre Slidre jeger- og fiskarlag har ingen framlegg til endringar for 2005.

VEDTAK:

Fjellstyret vidarefører same jaktkortordning som i 2004.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.4.05.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: V.Slidre jeger- og fiskarlag v/Svein Erik Ski, 2966 Slidre
V.Slidre kommune